



Reglement EidCup

Tidspunkt: 06.09.-08.09.2024

Aldersgruppe: 9-16år

NHF sitt turneringsreglement er gjeldande under EidCup 2024.

Ved eventuelle protestar, skal denne leverast seinast 30 minutt etter kampslutt, saman med kvittering på betalt protestgebyr på 1.500,-.

Protestar vert handsama fortløpende av ein jury, juryens avgjørelse er endelig og kan ikkje ankast. Hovudsekretariatet for EidCup vil være lokalisert i Eid Idrettshus og det er her protestar skal varslast.

Juryen består av 2 frå arrangørklubb, ein av dommarane samt ein representant frå tilreisande klubbar.

Kamparena

Kampane vert avvikla i Eid Idrettshus

Speletid

Til og med 12 år: 1 x 17 minutt

Øvrige lag: 1 x 22 minutt

Finalar: 2 x 15 minutt (Til og med J/G 14) og 2 x 20 min (Frå og med G/J15)

Kampgjennomføring i turneringa

I Innleiande kampar vert spelt i puljar på fortrinnsvis 4 lag og spelt som seriesystem.

Dersom det ikkje er nok lag i ei aldersklasse vil klassar bli slegne saman. Alle lag er garantert minimum 4 kampar, anten i cupspel eller seriespel.

Klassane J/G 13 og eldre går til sluttspel og finalespel om nok påmelde lag.

Minner om at ein spelar kan spele på fleire lag, men ikkje i same årsklasse. Spelarane skal og ha minst 30 minutt pause mellom kvar kamp dei spelar..

Møt på bana seinast 5 minutt før kampstart (NB kun 3 minutt mellom kampane i innleiande runde). Ingen time-out.

All informasjon vert tilgjengeleg på oppslagstavler i og rundt spelebanene i hallane, samt informert om i speakertenesta.

Heimelag stiller til venstre for sekretariat og stiller med godkjent kampball (rett storleik). Heimelag startar med avkast og bortelag stiller med vestar ved like draktfargar.

Dispensasjonar

Dispensasjonar innvilga av NHF er også gyldige under denne turneringa, eventuelle dispensasjonar må opplysast om til dommarar og sekretariat før kampstart, samt ved påmeldinga av laget.

Reglement i høve rekkefølje i seriespel

Rekkjefølga i seriespel vert avgjort i høve NHFs kampreglement, med følgjande unntak:

§ 19-1.6.4

"Dersom det ikke er mulig å avgjøre den endelige rekkefølge etter reglene i § 19-1.6.3, skal rekkefølgen avgjøres ved ny kamp (omkamp) dersom det har vært spilt seriespill og ved loddtrekking dersom det har vært spilt puljespill".

Dette punktet byttes ut med:

"Dersom det ikke er mulig å avgjøre den endelige rekkefølge etter reglene i § 19-1.6.3, skal rekkefølgen avgjøres ved loddtrekning."

Måltid

For dei som har B-kort vert alle måltid servert i Operahuset Nordfjord ved Eid idrettshus

Det er dessverre ikkje mulighet for å smøre seg lunsj på frukost.

Laurdag: frukost kl. 08.00-10.00 og middag kl. 14.00-16.00

Søndag: frukost kl. 08.00-10.00

Innsjekk/Utsjekk

Innsjekk skjer på tildelt skule fredag etter klokka 17.00. Laga må vere ute av klasseromma kl.

12.00 på søndag. Romma skal vere rydda og ryddinga skal vere godkjent av vakt på skulen før de forlet skulen.

Parkering

Det er parkeringsplassar ved Eid idrettshus og Operahuset Nordfjord for dei som spelar sine kampar i Eid idrettshus.

For overnattande lag er der parkeringsplassar ved Eid ungdomsskule og Nordfjordeid skule. Vi set pris på at ein let bilen stå under turneringa, og nyttar gode gangveggar mellom dei nærliggande anlegga under turneringa.

Kjem lag med buss set vi pris på at de tek kontakt, slik at vi kan avtale parkering.

All parkering er gratis på Nordfjordeid.

Overnatting

Alle som har B-kort skal overnatte på Eid Ungdomsskule skule som er innanfor 5. minutts gange frå Eid Idrettshus.

Vi oppfordrar deltakarar og lagleiarar om å halde orden og vise respekt for andre sin eigedom.

Det vert kontinuerleg vakthald på skulen, men minner om at lagleiarane har ansvaret for sine lag.

For dei som ikkje har bestilt B-kort men treng overnatting, så har vi avtale med Nordfjord hotell.

Prisar pr. døgn inkl. frukost:

Enkeltrom: 1090,-

Dobbeltrom: 640,- per person (1280,- for rommet)

Trippelrom: 525,- per person (1575,- for rommet)

4-sengsrom 415,- per person (1660,- for rommet)

Konsert/Diskotek i Gymmen

Laurdag frå kl. 19.00 - 20.30 (9år - 12 år)

Laurdag frå kl. 21.00 - 23.30 (13 år- 16 år)

Symjehallen

Alle cupdeltakarar med band får symje for kr 50 i symjehallen i Eid Idrettshus.

Opningstider: Laurdag kl. 10.00 - 18.00 og søndag kl. 11.00 - 16.00

Velkomne til ei fantastisk handballhelg på Nordfjordeid

Vi gler oss til å møte dykk, og håpar alle får ei fantastisk handballhelg saman med oss.

Har du spørsmål er det berre å ta kontakt

Mvh

Eid IL Handball